

# Eksamen

23.05.2022

NOR1211-NOR1231

Norsk hovudmål/hovedmål

NOR1218-NOR1238

Norsk for elevar/elever med samisk, kvensk eller finsk som andrespråk



Sjå eksamenstips på baksida!  
Se eksamenstips på baksiden!

## Nynorsk

Eksamensinformasjon	
<b>Tid</b>	Eksamen varer i 5 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	<p>Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillatne.</p>
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	<p>Aftenposten. «Kjenner du noen som lider av skråsikkerhet?» VG 12.09.2020</p> <p>Holberg, Ludvig. <i>Erasmus Montanus</i>. Publisert første gong 1731. Trondheim: Papir forlag, 2022. Til norsk ved Frode Alexander Brøndbo.</p> <p>Nilsen, Rudolf. «Storby-natt». <i>På stengrunn</i>. Andelsforlaget Ny Tid, 1925. Språkleg modernisert.</p> <p>Medietilsynet: «Falske nyheiter ser ofte ut som ekte nyheiter». Plakat frå kampanjen <a href="#">Stopp. Tenk. Sjekk. Slik avslører du desinformasjon og falske nyheter   Medietilsynet</a> Nedlasting 26.01.2022</p> <p>Sandel, Cora. «Skred». Først publisert i novellesamlinga <i>Mange takk, doktor</i>, 1935. Frå Janneken Øverland (red.): <i>Lykken og andre noveller</i>. Oslo: Gyldendal, 1995. Tilrettelagd for oppgåvesettet.</p> <p>Sandemose, Aksel. «Halfway mountain». <i>En flyktning krysser sitt spor</i>. Publisert første gong 1933. Oslo: Aschehoug, 2000</p> <p>Senneset, Ingeborg. «Norsk offentlig ordsifte strever», utdrag frå Instagram-innlegg 26.8.2021</p> <p>Tjeldflåt, Gerd Margrete. «Å skrive nynorsk er å lage problem for andre. Det er krevjande å vere på det laget». <i>Bergens Tidende</i> 07.11.2021 <a href="https://www.bt.no/btmeninger/kommentar/i/jakm5o/aa-skrive-nynorsk-er-aa-lage-problem-for-andre-det-er-krevjande-aa-vere?utm_source=email">https://www.bt.no/btmeninger/kommentar/i/jakm5o/aa-skrive-nynorsk-er-aa-lage-problem-for-andre-det-er-krevjande-aa-vere?utm_source=email</a> Nedlasting 26.01.2022</p> <p>Vesaas, Tarjei. «Snø og granskog». <i>Kjeldene</i>. Oslo: Gyldendal, 1946.</p>
<b>Informasjon om oppgåva</b>	Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det fire oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12.
<b>Informasjon om vurderinga</b>	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

## Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

### Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Skred» av Cora Sandel, 1935

Teksten er opninga på ei novelle som heiter «Skred». Gjer greie for korleis ulike verkemiddel er brukte for å seie noko om forholdet mellom mannen og kvinna i utdraget.

Kommentar: I svaret ditt skal du bruke relevant fagspråk og vise til døme i teksten.

### Del B Langsvarsoppgåver

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

#### Oppgåve 1

Vedlegg:

- *Erasmus Montanus* av Ludvig Holberg, 1731, utdrag
- «Falske nyheiter ser ofte ut som ekte nyheiter», kampanje frå Medietilsynet, 2021

Skriv ein resonnerande tekst der du plasserer dei to vedlegga kulturhistorisk og reflekterer over synet på opplysning og sanning som kjem fram i dei.

Kommentar: Når du set tekstane inn i ein kulturhistorisk samanheng, skal du vise kunnskap om tida tekstane er skrivne i. Når du reflekterer, skal du bruke døme frå vedlegga.

Oppgåve 2, 3 og 4 står på neste side.

## Oppgåve 2

Vedlegg:

- «Byen» av Rudolf Nilsen, 1925
- «Snø og granskog» av Tarjei Vesaas, 1946

Tolk og samanlikn dei to tekstane, og reflekter over verdien av høyre til ein stad.

Kommentar: Du skal samanlikne både form og innhald, men du kan velje korleis du vil strukturere svaret ditt. Bruk relevant fagspråk. Når du reflekterer, skal du bruke eksempel frå dikta. Du kan også bruke egne erfaringar og andre tekstar du kjenner.

## Oppgåve 3

Vedlegg:

- «Halfway mountain» av Aksel Sandemose, 1933
- «Norsk offentlig ordskifte strever», utdrag frå Instagram-innlegg av Ingeborg Senneset 26.8.2021
- «Kjenner du noen som lider av skråsikkerhet?», reklame for Aftenposten, 2021

Dei vedlagde tekstene seier noko om balansen mellom det å kjempe for meiningane sine og det å vere lydhøyr overfor andre perspektiv. Skriv ein kreativ tekst der du utforskar denne tematikken.

Kommentar: Oppgåva opnar for ulike løysingar. Det skal komme fram at du har brukt tekstvedlegga, men du kan bruke dei på ulike måtar i svaret ditt. Du kan vise kreativitet gjennom dei innfallsvinklane du vel, og måten du bruker språket på.

## Oppgåve 4

Vedlegg:

- «Å skrive nynorsk er å lage problem for andre. Det er krevjande å vere på det laget» av Gerd Margrete Tjeldflåt, *Bergens Tidende*, 07.11.2021

Gjer greie for kva du meiner er hovudsynspunktet i teksten, og analyser han. Bruk omgrep frå retorikken.

Kommentar: Du skal formulere formålet på ein presis og sjølvstendig måte. Når du analyserer, skal du forklare gjennom å bruke relevant fagspråk og vise til konkrete døme.

## Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Tid</b>	Eksamen varer i 5 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt.  Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.
<b>Bruk av kilder</b>	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.  Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettside og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Aftenposten. «Kjenner du noen som lider av skråsikkerhet?» VG 12.09.2020  Holberg, Ludvig. <i>Erasmus Montanus</i> . Utgitt første gang 1731. Trondheim: Papir forlag, 2022. Til norsk ved Frode Alexander Brøndbo.  Medietilsynet: «Falske nyheter ser ofte ut som ekte nyheter». Plakat fra kampanjen <a href="#">Stopp. Tenk. Sjekk. Slik avslører du desinformasjon og falske nyheter   Medietilsynet</a> Nedlasting 26.01.2022  Nilsen, Rudolf. «Storby-natt». <i>På stengrunn</i> . Andelsforlaget Ny Tid, 1925. Språklig modernisert.  Sandel, Cora. «Skred». Først publisert i novellesamlingen <i>Mange takk, doktor</i> , 1935. Fra Janneken Øverland (red.): <i>Lykken og andre noveller</i> . Oslo: Gyldendal, 1995. Tilrettelagt for oppgavesettet.  Sandemose, Aksel. «Halfway mountain». <i>En flyktning krysser sitt spor</i> . Første gang utgitt i 1933. Oslo: Aschehoug, 2000  Senneset, Ingeborg. «Norsk offentlig ordskifte strever», utdrag fra Instagram-innlegg 26.8.2021  Tjeldflåt, Gerd Margrete. «Å skrive nynorsk er å lage problem for andre. Det er krevjande å vere på det laget». <i>Bergens Tidende</i> 07.11.2021 <a href="https://www.bt.no/btmeninger/kommentar/i/jakm5o/aa-skrive-nynorsk-er-aa-lage-problem-for-andre-det-er-krevjande-aa-vere?utm_source=email">https://www.bt.no/btmeninger/kommentar/i/jakm5o/aa-skrive-nynorsk-er-aa-lage-problem-for-andre-det-er-krevjande-aa-vere?utm_source=email</a> Nedlasting 26.01.2022  Vesaas, Tarjei. «Snø og granskog». <i>Kjeldene</i> . Oslo: Gyldendal, 1946.
<b>Informasjon om oppgaven</b>	Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det fire oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

## Bokmål

Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

### Del A Kortsvarsoppgave

Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Skred» av Cora Sandel, 1935

Teksten er åpningen på en novelle som heter «Skred». Gjør greie for hvordan ulike virkemidler er brukt for å si noe om forholdet mellom mannen og kvinnen i utdraget.

Kommentar: I svaret ditt skal du bruke relevant fagspråk og vise til eksempler i teksten.

### Del B Langsvarsoppgaver

Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.

#### Oppgave 1

Vedlegg:

- *Erasmus Montanus* av Ludvig Holberg, 1731, utdrag
- «Falske nyheter ser ofte ut som ekte nyheter», kampanje fra Medietilsynet, 2021

Skriv en resonnerende tekst der du plasserer de to vedleggene kulturhistorisk og reflekterer over synet på opplysning og sannhet som kommer fram i dem.

Kommentar: Når du setter tekstene inn i en kulturhistorisk sammenheng, skal du vise kunnskap om tida tekstene er skrevet i. Når du reflekterer, skal du bruke eksempler fra vedleggene.

## Oppgave 2

Vedlegg:

- «Byen» av Rudolf Nilsen, 1925
- «Snø og granskog» av Tarjei Vesaas, 1946

Tolk og sammenlign de to tekstene, og reflekter over verdien av høre til et sted.

Kommentar: Du skal sammenligne både form og innhold, men du kan velge hvordan du vil strukturere svaret ditt. Bruk relevant fagspråk. Når du reflekterer, skal du bruke eksempler fra diktene. Du kan også bruke egne erfaringer og andre tekster du kjenner.

## Oppgave 3

Vedlegg:

- «Halfway mountain» av Aksel Sandemose, 1933
- «Norsk offentlig ordskifte strever», utdrag fra Instagram-innlegg av Ingeborg Senneset 26.8.2021
- «Kjenner du noen som lider av skråsikkerhet?», reklame for Aftenposten, 2021

De vedlagte tekstene sier noe om balansen mellom det å kjempe for sine meninger og det å være lydhør overfor andre perspektiv. Skriv en kreativ tekst der du utforsker denne tematikken.

Kommentar: Oppgaven åpner for ulike løsninger. Det skal komme fram at du har brukt tekstvedleggene, men du kan bruke dem på ulike måter i svaret ditt. Du kan vise kreativitet gjennom de innfallsvinklene du velger, og måten du bruker språket på.

## Oppgave 4

Vedlegg:

- «Å skrive nynorsk er å lage problem for andre. Det er krevjande å vere på det laget» av Gerd Margrete Tjeldflåt, *Bergens Tidende*, 07.11.2021

Gjør greie for hva du mener er hovedsynspunktet i teksten, og analyser den. Bruk begrep fra retorikken.

Kommentar: Du skal formulere formålet på en presis og selvstendig måte. Når du analyserer, skal du forklare gjennom å bruke relevant fagspråk og vise til konkrete eksempler.

# Skred

De sitter og tier under lampen. Han leser, hun syr. Stillheten omkring dem er tung av usagte ting, av alt de i dagens løp går og kniper munnen sammen over. Den er som et stoff som tetner og hoper seg, synes uovervinnelig.

Han legger fra seg avisen, går et slag på gulvet. Gud, bare han ikke begynner å nynne, tenker hun: i aften klarer jeg det ikke, jeg skriker høyt.

Han på sin side tenker, at når hun sitter slik med en fure mellom øynene og munn som en strek, tier og syr, da er hun sannelig ingen blomst på ens vei, og enda mindre et lys på stien. Et huskors er hun. Den uklare lengselen som ligger på lur i ham, etter noe nytt, noe ungt, rører på seg. Han snur seg fra henne, orker ikke se henne.

Men et eller annet må han ta seg til. "Den er ganske morsom den lille kaktusen," sier han anslående og går til attack mot den fordømte tausheten. Han setter seg, slår det ene benet over det andre og vipper forhåpningsfullt med det.

"Hvordan fant du egentlig på å komme med den? Jeg husker ikke sist jeg fikk noe uten å be om det."

Det er ikke hennes mening å være ubehagelig. Hun er ikke bitrere til sinns i aften enn ellers, bare trette, mer forpint. Ordene unnslopp henne, smatt på egen hånd opp fra det dulgte.

Og atter en gang er et skjebnesvangert lite faktum i stand til å avle nytt ondt i uendelighet, tanker og ord, brakt til verden. Tunge masser av tilbaketrengt nag rører på seg i dem begge, av alt det små som presses sammen gjennom dager og år, og til slutt får sprengende krefter. En liten sten har rullet, en liten sten kan varsle skred.

Det hun sa, synes ham i høy grad urettferdig. Er det noe han er sikker på, er det på alltid å ha gjort sin plikt. Mer enn sin plikt. Hun derimot er urimelig, tøvet, barnaktig, smålig. Smålig ja, der fant han det. Har han noen gang gjort noe galt, er det sannelig skjedd uten å ville det eller vite det.

Men hustruen, som forgår seg av bitterhet, og vel vet om det straks det er gjort, tenker seg ikke annet enn at mannen er likedan. [...] Munnen hennes er blitt liten og stram av å knipes sammen over det hun ikke sier. Men hun gjemmer alt i sitt hjerte. Der ligger det, ondt, lagt til ondt. Hun kan slå opp i det, og søke næring for gammelt nag når hun vil.

Det kan han også. Forskjellen er at han samler på vesentligheter, eller på det han tror er det. En og annen kampesten er det han bærer på. Dem holder han på inntil videre. Som mannfolk, som fornuftsvesen, kapabel til filosofi, til å ta kvinnen som hun er og dyrke husfreden planmessig.

Hun sleper på en bør av småsten, sanket opp langs veien de har vandret. Rett som det er smetter en fra henne.

På begge har en grå, endeløs hverdag, et jevnt, bekymret slit filet og filet til de ble tynne og trådslitte på sjelen av det. Ingen av dem har noen flott overbærenhet i seg lenger. Og der sitter de, en aften av utallige.

**et slag:** ein/en runde

**huskors:** nokon som er ei plage for dei andre i ein heim / noen som er en plage for de andre i et hjem

**attakk:** angrep

**forpint:** lidande/lidende

**dulgte:** skjulte

**nag:** bitterheit/bitterhet

**ubillig:** urimeleg/urimelig

**forgår seg:** øydeleggjast/ødelegges

**overbærenhet:** tolmod/tålmodighet

Av Cora Sandel. Første del av novella «Skred», frå/fra *Mange takk, doktor*, 1935. Språkleg tilrettelagd / språklig tilrettelagt



# Falske nyheiter ser ofte ut som ekte nyheiter.

## STOPP.

### Vekker saka sterke kjensler?

Saker som vekker sterke kjensler, blir ofte delt av mange. Ein del nettsider publiserer difor slike saker for å få mange klikk. Du bør vere ekstra forsiktig med å dele saker som vekker sterke kjensler.

### Verkar saka for utruleg?

Falske saker har ofte fengande overskrifter, STORE BOKSTAVAR og utropsteikn! Ver bevisst på at ei overskrift og eit bilde ikkje gir deg heile historia. Sjokkerande overskrifter som verkar for utrulege til å vere sanne, er ofte det.

## TENK.

### Trur du på bildet?

Eit bilde kan også lyge. Falske, nyheitsliknande saker bruker ofte bilde som er tatt ut av sin samanheng. Moderne teknologi gjer det også enkelt å produsere falske video- og lydopptak, ofte kalla deepfakes.

### Prøver saka å påverke deg?

Ei sak har som regel fleire sider. Du bør difor vere kritisk om berre ein part slepp til. Sterke politiske budskap eller ekstreme påstandar som blir spreidd, bør du undersøke nærare.

## SJEKK.

### Finn du saka andre stader?

Oppsiktsvekkande nytt spreier seg raskt. Om ingen andre medium rapporterer om det same, kan det bety at saka er falsk.

### Kven står bak saka?

Sjekk adresselina til nettstaden. Falske nyheiter har ofte ei nettadresse eller ein utsjånad som liknar på ei kjent nyheitskjelde. Sjekk avsendar og kva andre seier om kjelda.

Fleire råd om korleis du avdekker falske nyheiter finn du på [medietilsynet.no/stopp-tenk-sjekk](https://medietilsynet.no/stopp-tenk-sjekk)

 Medietilsynet

I samarbeid med:



**Faktisk.**



# Erasmus Montanus

**Erasmus Montanus, eller Rasmus Berg, har studert i København og er nå på besøk i hjembygda Berget. Her snakker han med Jesper, som har en viktig posisjon i bygda. I utdraget diskuterer de hvordan universet er bygget opp.**

- JESPER Hør her, min kjære herr Montanus Berg! Jeg har hørt at lærde folk har så merkelige meninger. Er det sant at man i storbyen påstår at jorda er rund? Her på Berget vil ingen tro det, for alle kan jo se med egne øyne at jorda er ganske flat.
- MONTANUS Det kommer av at jorden er så stor at man ikke kan merke dens rundhet.
- JESPER Ja, det er jo sant ... Jorda er stor, den er tross alt halvparten av universet. Si meg, hvor mange stjerner skal det til for å skape en måne?
- MONTANUS En måne! Hvis månen er en innsjø, vil en stjerne være hele havet.
- JESPER Ha ha ha ha, dere lærde folk er helt sprø i huet. Jeg har faktisk hørt noen påstå at jorda beveger seg mens sola står stille. Herren tror vel ikke på det også?
- MONTANUS Ingen fornuftig mann vil tvile på det.
- JESPER Ha ha ha, hvis jorda er i bevegelse, ville vi jo miste balansen og falle og knekke nakkene våre.
- MONTANUS Kan ikke et skip være i bevegelse uten at du knekker nakken når du er om bord?
- JESPER Men du sier jo at jorda snurrer, hva skjer hvis skipet snur og kjører i et annet? Ville ikke alle som er om bord falle i sjøen da?
- MONTANUS Nei, jeg kan forklare deg det bedre hvis du har litt tålmodighet.
- JESPER Nei, jeg vil absolutt ikke høre noe mer om dette her! Jeg ville vært klin kokos hvis jeg trodde på sånt. Jorda ville velte seg om, og vi ville ikke falle hodestups ned i helvetes avgrunn? Ha ha ha! Men kjære deg, herr Berg, hva kommer det av at månen noen ganger er liten og noen ganger er stor?
- MONTANUS Hvis jeg sier det, vil du ikke tro det.
- JESPER Åh, vær så god, bare si meg det.
- MONTANUS Det er fordi når månen er fullvokst, klipper man den i biter for å lage stjerner av den.
- JESPER Det der er ganske merkelig, før var jeg ikke klar over det. Dersom man ikke klipper biter av den, vil den vokse seg alt for stor og bli like brei som hele fylket. Naturen styrer alt på en veldig klok måte, men hva kommer det av at månen ikke varmer like mye som sola når de begge er like store?
- MONTANUS Det kommer av at månen ikke lyser selv, men er laget av den samme mørke materien som jorden er laget av. Den låner bare lyset sitt fra solskinnet.
- JESPER Ha ha ha ha ha ha! La oss snakke om noe annet. Dette er noe forferdelig tøys som man kan bli katolsk i huet av.

Av Ludvig Holberg, 1731. Utdrag frå/fra 3. akt. Gjendiktet av Frode A. Brøndbo

# Storby-natt

Jeg går og drømmer i den lange gate  
på bunnen av den milevide by.  
Så langt jeg øyner løper denne flate,  
som skinner med en glans lik valset bly  
i skjæret fra de høye buelamper.  
For det er natt. Og det er lyst og godt  
her nede på de asfalterte dybder.  
Forlengst er dagen og dens mørke gått.

Nå er tiden da de gode sover.  
En klokke slår den annen time inn.  
Det runger langsomt fra et sted høyt over  
de mange buelampers hvite skinn.  
Som i en veldig tunnel klinger lyden  
av mine skritt imellom vegg og vegg.  
En kvinne smyger hånden i min lomme,  
og henger ved meg som en sulten klegg.

En prikk av lys blir synlig langt derhenne  
hvor gaten ender i en loddrett sprekk.  
Det dirrer av en lyd jeg skulle kjenne ...  
Og prikken ble en bil. Men den er vekk.  
Jeg hører motorsurret langsomt svinne  
langt inne mellom disse tause hus  
Men fjernt, som fra en kjempestor konkylie  
slår byen ut sitt monotone sus.

Og varm av lykke går jeg her og kjenner:  
i dette dyp har jeg mitt hjem, min rot.  
For her er allting skapt av menneskehender –  
fra lyset ned til stenen ved min fot.  
Her blinker ingen stjerner gjennom natten  
som stumme trusler om en evighet,  
her hvisker ikke mulmet mot mitt øre  
sin uforståelige hemmelighet.

Av Rudolf Nilsen. *På stengrunn*, 1925  
Språkleg/språklig modernisert

**buelamper:** ei tidleg/en tidlig form for elektriske gatelys  
**mulm:** tett mørke

# Snø og granskog

Tale om heimsleg –  
snø og granskog  
er heimsleg.

Frå første stund  
er det vårt.  
Før nokon har fortalt det,  
at det er snø og granskog,  
har det plass i oss –  
og sidan er det der  
heile heile tida.

Meterdjup fonn  
kring mørke tre  
– det er for oss!  
Innblanda i vår eigen ande.  
Heile heile tida,  
om ingen ser det,  
har vi snø og granskog med.

Ja lia med snøen,  
og tre ved tre  
så langt ein ser,  
kvar vi er  
vender vi mot det.

Og har i oss ein lovnad  
om å koma heim.  
Koma heim,  
gå borti der,  
bøyge greiner,  
– og kjenne så det fer i ein  
kva det er å vera der ein høyrer til.

Heile heile tida,  
til det er sløkt  
i våre innlandshjarte.

Av Tarjei Vesaas. *Kjeldene*, 1946

# Halfway mountain

## Epilog

Det ligger et fjell i det indre av Newfoundland, Halfway Mountain. Det rager opp i et nokså plant skogland og synes kanskje noe høyere enn det er. Jeg anslår det til bortimot 800 meter, og det tar en dags marsj å komme rundt det nede på lavlandet. Jeg har vært rundt det på en jakttur, og det er rart å se hvorledes et sånt fjell er blitt noe helt annet enn før hver gang man har beveget seg et stykke og ser på det igjen. Tusen forskjellige beskrivelser kan du få av Halfway Mountain og alle er like riktige. Jeg kjenner en sterk trang til å si deg dette nå, at fjellet er stort og mangesidet, men den som lå i lenker på jorden, så bare Halfway Mountain fra det stedet hvor han lå.

Av Aksel Sandemose.

Teksten står som epilog i romanen *En flyktning krysser sitt spor*, 1933

## Norsk offentlig ordskifte strever

Norsk offentlig ordskifte strever. Hets, hån, usakligheter og det som verre er, truer med å bli støyende nok til å gi inntrykk av at de folkeskikkappede og truende er i flertall.

Det er de ikke. Men det er for mange som, av forståelige årsaker eller ei, er tause, og dermed får et feilaktig inntrykk av å tilhøre et slags moralsk mindretall.

Vi får ikke og skal ikke ha et perfekt ordskifte. Men vi skal ha og trenger et anstendig et.

Det er urealistisk å stanse alt som er dårlig. Reell ytringsfrihet er ikke varmt eller kaldt, det er et blandebatteri. Mer realistisk er det å fylle på med mer bra. Det er en plikt, en dugnad og en motivasjon:

Vi trenger flere stemmer. Vi trenger de anstendige, de saklige, de kritiske, de uenige, de som utfordrer, de som provoserer. Vi trenger de uvanlige, de uanselige, de usynlige.

Av Ingeborg Senneset, utdrag frå/fra innlegg på Instagram. 26. august 2021

Kjenner du noen som lider av skråsikkerhet?

ANNONSE

# Kjenner du noen som lider av skråsikkerhet?

MOT SKRÅSIKKERHET

Aftenposten  
3 ganger daglig,  
ved behov.

OPPBEVARES TILGJENGELIG FOR BARN



**Aftenposten**

Reklame for Aftenposten, VG 12.09.2020

# Å skrive nynorsk er å lage problem for andre. Det er krevjande å vere på det laget.

## Men er noko på veg til å snu?

Då biologitimane starta opp igjen i Øystese denne hausten, sat elevane ein månad utan bøker. Grunnen? Læreboka fanst ikkje på nynorsk i tide til skulestart.

Slik er det kvart år i norsk skule. Nynorskbøkene er kronisk for seint ute. Dette til trass for at det i haust var 50 år sidan dei første elevane streika for nettopp retten til å få nynorske lærebøker til tida.

Ironisk nok var den aller første streiken nettopp i Øystese. Tenk om dei hadde visst at 50 år seinare, var me ikkje komne lenger. Streikane i 1971 spreidde seg over heile landet. I alt 30.000 vidaregåande-elevar demonstrerte ved 112 skular. Eit engasjement ein sjeldan ser for nynorsk. Tre år etter vann elevane fram. Det vart lovfesta at lærebøker skulle finnast på både nynorsk og bokmål, til same kostnad og same tid.

Problemet er berre at dette er ei lov ingen bryr seg særleg om. Difor er lærebøkene på nynorsk framleis seine.

Den digitale undervisninga står det endå verre til med. Appar og andre program som elevane brukar, finst kanskje berre på bokmål. Og nynorskelevar får raude strekar under annakvart ord i teksten dei skriv i Google Docs. For Google har svaret på alt, men ikkje eit retteprogram på nynorsk.

Det verkar kanskje ikkje som ei stor sak. Ingen nynorskelevar tek skade av ei bokmålsbok, og dei klarer fint å lese den i ein månad. Alle nordmenn les jo langt meir bokmål enn nynorsk allereie.

Problemet er at dersom elevar ikkje får bøker og andre læremiddel på nynorsk, byter dei til bokmål. Og har du snudd ryggen til nynorsken på vidaregåande, kjem du ikkje tilbake.

Vidaregåande er trass alt den siste plassen det er nokolunde lett å vere nynorskbrukar. Overalt seinare i livet, er du åleine. Då skal du ha opparbeidd sterk vilje for å halde fast på «eg» og «ikkje».

50-årsjubileet for streiken vart førre veke markert ved gamle Øystese gymnas. Då eg snakka med ein av dei som demonstrerte i 1971, sa han at noko av det finaste den gongen var korleis elevar over heile landet, «til og med i Oslo», deltok. Han kjente på omsorg frå bokmålsfolket. Slikt har det ikkje vore mykje av sidan. Og kanskje er det ikkje så rart. Det er krevjande å vere på nynorskens lag.

Å kjempe for nynorsk har i alle år handla om å stritte imot og stå på barrikadane for lovene som ingen egentleg bryr seg om. For det er ikkje berre lærebøkene, det finst mange døme. Spør berre NRK, som er lovpålagd å ha ein nynorskbruk på 25 prosent. Sidan den lova tredde i kraft, har dei nådd målet ein einaste gong. Men det har ikkje fått nokon konsekvensar.

Å vere nynorskforkjempar er å vere den irriterande personen som heile tida påpeikar formelle feil og gjer livet litt meir tungvint. Den som strevar imot ei utvikling som nesten er uunngåeleg – for talet på nynorskbrukarar går berre nedover. Kven vil vel vere med på den kampen?

Som nynorskbrukar kjenner du alt dette på kroppen. Det er lett å kjenne på eit behov for å unnskylde, ikkje vere ei ekstra byrde og legge til rette for at bokmålsbrukarar kan forstå og sleppe å bruke den ekstra energien som nynorsken kanskje krev.

Den siste tida er det likevel som om stemninga har snudd. Brått er me litt mindre til bry enn me var. Plutseleg er nynorsk på trykk i Aftenposten, VG og brukt på TV2.

Då Framstegspartiets ungdom rulla opp «F\*\*K nynorsk»-banneret sitt i skulevalkampen og prøvde å skåre det vanlege, billige poenget, enda det med kollektiv skjenn og 1500 nye medlemmer i Noregs Mållag.

Forfattar Tore Renberg bestemte seg med eitt for å slutte å skrive bokmål, og laga noko så sjeldant som ein bestseljar på nynorsk. «Tollak til Ingeborg» fekk Bokhandlerprisen, som første nynorskbok nokosinne. Det er berre ei kjensle, men eg trur ikkje det kunne skjedd for ti år sidan.

Men kanskje kunne det skjedd for 50 år sidan? Det er i alle fall mogeleg å forstå den streikande eleven som fann det rørande at bokmålselevane engasjerte seg på nynorskens vegner. På same måte betyr det mykje at tekstar på nynorsk blir akseptert der det tidlegare berre var rom for bokmål. Ikkje berre av tvang. Men fordi det blir sett på som godt.

Kampen for nynorsk kjem framleis til å handle om å stritte imot og kjempe for lover ingen bryr seg om. For viss ingen passar på, kjem nynorsk til å dø. Men tenk om nynorsk også kan få snike seg inn i folks kvardag på anna vis.

Då blir det kanskje litt lettare for nynorskelevane frå Øystese og andre plassar i landet, når dei skal vidare i livet. Sjølv om dei har lært at dei er ei byrde, som krev lærebøker på sitt eige mål.

Av Gerd Margrete Tjeldflåt, *Bergens Tidende* 7. november 2021

### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!